

HALVÅRSRAPPORT 2016

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS



SFE



RESULTATREKNESKAP SOGN OG FJORDANE ENERGI - KONSERN

Beløp i 1000 kr.	Note	1.halvår 2016	1.halvår 2015	Årsrekneskap 2015
Driftsinntekter:				
Sal av kraft	1	368 734	349 843	668 416
Verdiendringer energikontrakter	2	-35 246	14 883	7 069
Sal av overføringstenester	1	206 139	153 305	297 770
Andre driftsinntekter	1	44 083	31 446	68 332
SUM DRIFTSINTEKTER		583 710	549 477	1 041 588

Driftskostnader:				
Kjøp av kraft	1	120 414	107 609	198 688
Kjøp av overføringstenester	1	27 258	25 037	55 228
Løn og sosiale kostnader	1	116 090	115 585	232 654
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	1	-33 606	-35 448	-66 304
Avskrivningar	1	74 466	69 379	142 718
Nedskrivningar	1	275	0	1 510
Eigedomsskatt/avgifter	1	25 532	26 807	59 711
Andre driftskostnader	1	80 423	86 837	149 362
SUM DRIFTSKOSTNADER		410 852	395 806	773 568

DRIFTSRESULTAT **172 858** **153 671** **268 020**

Finansielle poster:

Resultat frå investering i tilknytt selskap	2	59	1 031	2 970
Finansinntekter	2	8 535	6 104	19 445
Finanskostnader	2	41 726	43 996	79 397
Verdiendring derivater	2	-182	-2 586	-627
NETTO FINANSKOSTNADER		32 949	34 275	56 355

RESULTAT FØR SKATT **139 909** **119 396** **211 665**

Overskotsskatt		32 146	54 072	37 409
Grunnrenteskatt		37 667	20 966	61 500

RESULTAT ETTER SKATT **70 096** **44 357** **112 756**

Av dette minoritetsandel		1 556	-4 850	1 949
Av dette SFE sin andel		68 540	49 207	110 807

UTVIDA RESULTAT SFE KONSERN

Beløp i 1.000 kr.	1.halvår 2016	1.halvår 2015	Årsrekneskap 2015
Ordinært resultat etter skatt	70 096	44 357	112 756
<i>Poster som seinare kan klassifiserast til resultat:</i>			
Kontantstrømsikring rentebytteavtaler etter skatt	373	2 984	4 477
Kontantstrømsikring valutaterminkontrakter etter skatt	5 332	-626	-6 215
<i>Poster som seinare ikkje kan reklassifiserast over resultat:</i>			
Estimatavvik pensjoner etter skatt	0	0	67 322
Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden	75 800	46 716	178 340
Av dette minoritetsandel	1 681	-4 931	1 091
Av dette SFE sin andel	74 119	51 646	177 250



KONSERNBALANSE 30.06.2016


SOGN OG FJORDANE ENERGI


Beløp i 1000 kr.


EIGEDELAR	note	30.06.16	30.06.15	31.12.15
Fallrett		1 828 280	1 812 022	1 828 280
Øvrige immaterielle eigendelar		703 101	705 816	704 630
Varige driftsmidlar		2 921 269	2 754 017	2 872 519
Investering i tilknyttta selskap		52 137	50 153	52 091
Øvrige finansielle anleggsmidlar		108 331	40 257	43 009
Derivat	2	19 165	20 102	16 700
Anleggsmidlar		5 632 284	5 382 367	5 517 230
Varer		33 342	13 671	29 484
Fordringar		318 956	151 142	202 071
Derivat	2	12 399	32 146	34 176
Kontanter og bankinnskot		225 144	272 553	219 516
Omlaupsmidlar		589 842	469 512	485 247
SUM EIGEDELAR		6 222 125	5 851 879	6 002 476


GJELD OG EIGENKAPITAL	note	30.06.16	30.06.15	31.12.15
Innskoten eigenkapital		799 199	799 199	799 199
Opptent eigenkapital		855 054	715 536	841 139
Minoritetsinteresser		694 854	687 152	693 173
Eigenkapital		2 349 108	2 201 887	2 333 512
Pensjonsforplikting		96 128	178 218	96 128
Utsett skatt		952 903	910 840	952 915
Andre forpliktingar	2	101 114	80 483	101 673
Rentebærande langsiktig gjeld	2,3	1 645 780	1 766 551	1 548 162
Derivat	2	59 645	46 089	62 819
Langsiktig gjeld		2 855 571	2 982 181	2 761 697
Rentebærande kortsiktig gjeld		616 600	306 600	556 600
Betalbar skatt		79 332	70 847	91 129
Avsatt utbytte		60 204	77 437	0
Anna rentefri gjeld		235 583	189 455	231 827
Derivat	2	25 727	23 471	27 712
Kortsiktig gjeld		1 017 447	667 811	907 268
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		6 222 125	5 851 879	6 002 476


Sandane 30.08.2016



Per Atle Kjøllesdal
styreleiar



Birger C. Schönberg
nestleiar



Arvid Lillehaug
styremedlem



Anne Marit Steen
styremedlem



Olin Johanne Henden
styremedlem


Jan Helge Dale
styremedlem


Oddmund Ardal
styremedlem


Geir Magne Evø
styremedlem


Kjell Asle Bakkebo
styremedlem


Johannes Rauboti
konsernsjef

OPPSTILLING OVER ENDRINGAR I EIGENKAPITAL SFE-KONSERN



	Innskutt egenkapital	Anna egenkapital	Kontant strøm sikring	Sum opptent egenkapital	Minoritets- interesser	Sum egenkapital
Saldo pr. 01.01.2015	799 199	703 192	-5 054	698 138	692 083	2 189 421
Resultat 30.06		49 207		49 207	-4 850	44 357
Avsatt utbytte for 2014		-77 437		-77 437		-77 437
Korrigerings feil tidligere år		43 190		43 190		43 190
Kontantstrømsikring rentebytteavtaler			2 984	2 984		2 984
Kontantstrømsikring valutaterminkontrakter			-545	-545	-81	-626
Saldo pr. 30.06.2015	799 199	718 152	-2 615	715 537	687 152	2 201 887
Årets resultat		110 807		110 807	1 949	112 756
Utbetalt utbytte for 2014		-77 437		-77 437		-77 437
Korrigerings feil tidligere år		43 190		43 190		43 190
Estimatavvik pensjoner		67 322		67 322		67 322
Kontantstrømsikring rentebytteavtaler			4 477	4 477		4 477
Kontantstrømsikring valutaterminkontrakter			-5 357	-5 357	-858	-6 215
Saldo pr. 31.12.2015	799 199	847 074	-5 934	841 139	693 173	2 333 512
Resultat 30.06		68 540		68 540	1 556	70 096
Avsatt utbytte for 2015		-60 204		-60 204		-60 204
Kontantstrømsikring rentebytteavtaler			373	373		373
Kontantstrømsikring valutaterminkontrakter			5208	5 208	124	5 332
Saldo pr. 30.06.2016	799 199	855 410	-353	855 054	694 854	2 349 108

**SFE**

KONTANTSTRAMANALYSE

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Beløp i 1000 kr.

Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:	30.06.2016	30.06.2015	2015
Ordinært resultat før skattekostnad	139 908	119 395	211 665
Betalte skatter i perioden	-89 464	-108 439	-114 096
Avskrivningar	74 466	69 228	142 718
Nedskrivningar	275	0	1 510
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	0	5 263	-2 043
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytt selskap utan kontanteff	-60	-1 031	-2 970
Verdiendring energi-, rente- og valutakontrakter	35 064	-7 996	-5 627
Endring i beholdning av driftsmateriell	100	-159	-4 168
Nedskrivning av aksjar	500	0	500
Endring i kundefordringar	-69 013	39 753	33 414
Endring i leverandørgjeld	17 011	6 073	-3 971
Endring i pensjonsforpliktingar	0	0	12 049
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-88 732	-47 425	111 662

Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	20 056	74 661	380 643
---	---------------	---------------	----------------

Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:

Utbetalningar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-121 962	-156 861	-365 243
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidler	0	0	25 713
Kontantar innkonsolidering døtre	0	0	2 740
Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	-47 467	-1 227	-3 727
Utbetaling ved utlån	0	0	-3 118
Innbetaling frå utlån	0	0	593

Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-169 429	-158 088	-343 042
---	-----------------	-----------------	-----------------

Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter:

Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	425 000	94 000	0
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-330 000	-94 000	-346 626
Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld	360 000	394 000	1 450 000
Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	-300 000	-400 000	-1 206 000
Utbetaling av utbytte	0	0	-77 437

Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	155 000	-6 000	-180 063
--	----------------	---------------	-----------------

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	5 627	-89 426	-142 462
Beholdning av kontantar og ekvivalentar 1.1	219 516	361 979	361 979
Beholdning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12	225 144	272 553	219 516

Halvårsrapport 2016

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) oppnådde eit resultat etter skatt i første halvår i 2016 på 70 mill. kr. Resultatet er 26 mill. kr betre enn for 1. halvår i fjor. Kraftprisen i NO3 i 1. halvår var 22,9 øre/kWh, ein auke frå 21,4 øre/kWh 1. halvår i fjor. Resultatet for 1. halvår er vurdert til å vere tilfredsstillande.

Konsernet

Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde dotterselskapa SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS, Firdakraft AS og SFE Nett AS. Dotterselskapa Svelgen Kraft Holding AS, Svelgen Kraft AS, Vestavind Kraft AS, Lutelandet Energipark AS og Bremangerlandet Vindpark AS som er eigd 56% av SFE Produksjon AS inngår også som ein del av SFE-konsernet. Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Etrygg AS, Gloppen Energi AS og Eninvest AS er tilknytta selskap til konsernet.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane fylkeskommune:	48,2 %
BKK:	38,5 %
7 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,3 %

Rekneskapen for SFE er avlagt etter IFRS-reglane.

1. halvår 2016

Rekneskapen for 1. halvår 2016 viser eit overskot for SFE-konsernet på 70 (44) mill. kr etter skatt. (Tal for 1. halvår 2015 i parentes).

Gjennomsnittleg kraftpris 1. halvår i NO3, var 22,9 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg pris 1. halvår i fjor 21,4 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 1.039 GWh (966 GWh). Nettoinntekta frå sal av kraft er auka med 6 mill. kr samanlikna med fjoråret. Urealiserte verdiendringar på kraftkontraktar reduserer imidlertid inntektene med 50 mill. kr samanlikna med 2015. I fjor vart det inntektsført urealiserte gevinstar på 15 mill. kr medan det i 1. halvår i 2016 er kostnadsført 35 mill. kr i urealiserte tap på kraftkontraktar. SFE prissikrar delar av framtidig kraftproduksjon i den finansielle marknaden. Kraftprisen i denne marknaden har auka siste halvår og dette gir urealiserte tap på prissikringskontraktar når desse vert vurdert til marknadspris. Auken i kraftpris er totalt sett positivt for SFE og kjem til uttrykk på produksjonstidspunktet, medan den

urealiserte verdiendinga på kraftkontraktane må kostnadsførast i resultatet for 1. halvår. Driftsresultatet frå området er redusert med 26 mill. kr frå 120 mill. kr i fjor til 94 mill. kr i år.

Transportert mengde i nettet var 386 GWh, dette er ein auke på 1,0% frå 382 GWh i fjor. Selt kraftmengde til kundar i sluttbrukarmarknaden var 493 GWh. Dette er ein auke på 12 GWh samanlikna med i fjor. Konkurransen i sluttbrukarmarknaden er svært stor og marginane er pressa.

Nettverksemda har eit driftsresultat 1. halvår på 80 mill. kr. Dette er ein auke frå 2015 då vi hadde eit driftsresultat på 35 mill. kr på området. Resultatet for 1. halvår 2016 etter rekneskapsreglane for IFRS er tilfredsstillande sett i forhold til SFE sin samla nettkapital på ca 1.250 mill. kr. Rekneskapsreglane etter IFRS seier at det er fakturert nettleige som skal inntektsførast og ikkje den årlege inntekta NVE fastset at nettselskap kan krevje inn frå sine kundar. Driftsresultatet målt etter NGAAP-reglane der inntekt fastsett av NVE (inntektsramma) vert inntektsført er 45 mill. kr.

HMS

SFE har eit sjukefråvær på 3,87% pr. 01.07.2016. Dette er høgare enn 1. halvår i fjor med 3,46% og målsettinga om eit fråvær under 3,5%. Gjennom tilbakemeldingar frå tilsette, organisasjonsmålingar og i bedriftshelsetenesta si kontakt med tilsette og organisasjonen, får vi bekrefte at tilsette trivast og opplever at dei har eit engasjerande arbeidsmiljø rundt seg. Men vi er spesielt merksam på at SFE er inne i ein hektisk periode med stor aktivitet innan nybygging og rehabilitering. Høg aktivitet kan medføre høg arbeidsbelastning for enkelte. Stor anleggsaktivitet kan også gjere oss meir utsett for skadar. Siste åra har SFE sine skadetal vore over snittet for bransjen. Det har dei tre siste åra, gjennom eit ekstraordinært HMS-prosjekt, blitt jobba fokusert og systematisk med å styrke HMS i heile organisasjonen. Målsettinga for 2016 er skadetal på line med bransjesnittet eller lågare. Heile bransjen har utfordringar kring høge skadetal, og HMS er på dagsorden i alle selskap. Bransjen har ambisiøse målsettingar, med 20% årleg reduksjon i skadetal fram mot 2020. SFE har vedteke å følgje dei same målsettingane. For H2 (antall skadar med og utan fråvær siste 12 mnd pr 1 mill arbeidde timar) er måлтаlet 10,2, medan faktisk skadetal siste 12 månadar er 18,4. SFE vil framleis ha eit høgt fokus på HMS og arbeide målretta for å komme innanfor dei definerte målsettingane. Det ekstraordinære HMS-prosjektet held fram i 2016. Vi har i inneverande år delteke på ei kartlegging av Sikkerheitskulturen i SFE.

Resultatrekneskap og kontantstraum

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 584 (549) mill. kr. Driftsresultatet vart 173 (154) mill. kr. Resultatbetringa skriv seg frå betre resultat frå nettsegmentet pga auka inntekter. Resultatet før skatt er 140 (119) mill. kr etter at netto finanskostnader på 33 (34) mill. kr er belasta resultatet. Resultatet etter skatt er på 70 (44) mill. kr. Det er i 1. halvår belasta 32 (54) mill. kr i overskotsskatt og 38 (21) mill. kr i grunnrenteskatt.

Driftsaktivitetar viser ein positiv kontantstraum på 20 (75) mill. kr. Det er investert 122 (157) mill. kr i fysiske driftsmiddel i 1. halvår. SFE investerer årleg ca 150-200 mill. kr i forsterking og utviding av linenettet for å sikre leveringstryggleik og ny produksjon nettilgong.

Balanse

SFE sin totalbalanse 30.06.16 er på 6.222 mill. kr. Konsernet har omløpsmidlar på 590 mill. kr og 5.632 mill. kr i anleggsmidlar.

Renteberande gjeld er 2.262 mill. kr, dette er ein auke frå 2.073 mill. kr for eit år sidan.


Eigenkapitalen pr 30.06.16 er 2.349 mill. kr, det tilsvarer ein bokført eigenkapitalandel på 38%.

Framtidsutsikter

SFE reknar med å produsere meir enn middelproduksjonen på 1.908 GWh på årsbasis. Utvikling i kraftpris vil ha mykje å bety for resultatet i 2. halvår. Den finansielle marknaden tilseier ein pris for 2. halvår på same nivå eller noko høgare enn for 1. halvår. Vi ventar eit resultat for 2016 som er på om lag same nivå som 2015.


Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Sandane, 30. august 2016




Per Atle Kjøllesdal

-styreleiar-




Birger C. Schönberg

-nestleiar-



Arvid Lillehaug

-styremedlem-



Olin Johanne Henden

-styremedlem-




Anne Marit Steen

-styremedlem-


Jan Helge Dale

-styremedlem-



Oddmund Årdal

-styremedlem-



Kjell Asle Bakkebø

-styremedlem-



Geir Magne Evebø

-styremedlem-



Johannes Rauboti

-konsernsjef-



Rekneskapsnotar til halvårsrekneskapen 30.06.2016

Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapet for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2016 er avslutta pr. 30.06.2016 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapet omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med dotterselskap og tilknyttta selskap. Halvårsrekneskapet er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering og vart vedtatt i selskapet sitt styre 30.august 2016.

Selskapet er notert på Oslo Børs med obligasjonslån.

Delårsrekneskapet gir ikkje informasjon i same omfang som årsrekneskapet og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2015. Nyttar rekneskapsprinsipp og berekningsmetodar er dei same som er omtalt i note 2 i konsernet sitt årsrekneskap for 2015. Vi har ikkje identifisert nye IFRIC, nye standardar eller endringar i standardar som påverkar rekneskapet vesentleg utover dei som vart lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapet for 2015.

Note 1 Segmentinformasjon

Segmentrekneskapet vert avlagt etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegmenter i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene. Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemd er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, SFE Kraft, Vestavind Kraft AS, Bremangerlandet Vindpark AS, Lutelandet Energipark AS, Svelgen Kraft AS og Svelgen Kraft Holding AS. Svelgen Kraft og Svelgen Kraft Holding er eigd med 56 % av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konsernet. Svelgen Kraft Holding AS eig 100 % av aksjane i Vestavind Kraft AS. Vestavind Kraft AS eig 100 % av aksjane i Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS.

Segmentet Energi omfattar forvaltning av konsernet sin samla produksjonsportefølgje frå heileigde, deleigde og leigde kraftverk med fysisk krafthandel på Nordpool Spot og finansiell krafthandel på Nasdaq OMX Commodities. Segmentet omfattar også sal av kraft til sluttbrukar og forvaltning av større sluttbrukarar sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemd innanfor definerte rammer, samt sal av opprinnelsesgarantiar.

Nettverksemda si hovudverksemd er overføring og distribusjon av elkraft. Selskapet driv elles utleige av fiber og noko entreprenørarbeid. Mor-selskapet er tenesteyting internt.

Kolonna for eliminering viser eliminering av interne transaksjonar mellom segmenta ved konsolidering i konsern.

SEGMENTRESULTAT 30.06.2016					
(Tal i 1000 kr)	Energi	Nettverksemd	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter:					
Sal av kraft	460 714	0	0	-127 226	333 488
Sal av overføringstenester	0	191 536	0	14 603	206 139
Andre driftsinntekter	12 377	40 597	34 418	-43 309	44 083
SUM DRIFTSINNTEKTER	473 091	232 133	34 418	-155 932	583 710
Driftskostnader:					
Kjøp av kraft	240 393	7 434	0	-127 413	120 414
Kjøp av overføringstenester	12 467	0	0	14 791	27 258
Løn og sos. kostn.	33 533	60 768	21 789	0	116 090
Aktivering av eigne tilvirka driftsmiddel	-7 992	-25 611	-3	0	-33 606
Avskrivningar	36 858	35 018	2 591	0	74 466
Eigedomsskatt/avgifter	22 225	3 158	149	0	25 532
Andre driftskostnader	41 490	71 535	10 709	-43 311	80 423
SUM DRIFTSKOSTNADER	379 249	152 302	35 235	-155 932	410 852
DRIFTSRESULTAT	93 842	79 831	-817	0	172 858
Inntekt inv. i tilknytta selskap	-939	333	666	0	59
Netto finanspostar	-24 874	-10 035	1 901	0	-33 009
Skattekostnad	52 029	17 209	574	0	69 813
Resultat etter skatt	16 000	52 921	1 176	0	70 096

SEGMENTRESULTAT 30.06.2015					
(Tal i 1000 kr)	Energi	Nettverksemd	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter:					
Sal av kraft	480 729	0	0	-116 004	364 726
Sal av overføringstenester	0	145 449	0	7 857	153 305
Andre driftsinntekter	4 616	31 208	34 174	-38 553	31 446
SUM DRIFTSINNEKTER	485 345	176 657	34 174	-146 700	549 477
Driftskostnader:					
Kjøp av kraft	216 024	7 573	0	-115 988	107 609
Kjøp av overføringstenester	17 138	0	0	7 899	25 037
Løn og sos. kostn.	36 492	58 642	20 451		115 585
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	-9 157	-26 249	-41		-35 448
Avskrivningar	36 582	29 848	2 948		69 379
Eigedomsskatt/avgifter	23 831	2 847	129		26 807
Andre driftskostnader	44 781	69 287	11 379	-38 611	86 837
SUM DRIFTSKOSTNADER	365 691	141 948	34 866	-146 700	395 806
DRIFTSRESULTAT	119 654	34 709	-692	0	153 671
Inntekt inv. i tilknytt selskap	289	0	742		1 031
Netto finanspostar	-25 670	-8 919	-717		-35 306
Skattekostnad	68 796	6 964	-722		75 038
Resultat etter skatt	25 477	18 826	55		44 357

SEGMENTRESULTAT 2015					
(Tal i 1000 kr)	Energi	Nettverksemd	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter:					
Sal av kraft	690 068	0	0	-14 583	675 485
Sal av overføringstenester	0	317 632	0	-19 862	297 770
Andre driftsinntekter	22 456	66 537	68 160	-88 821	68 332
SUM DRIFTSINNEKTER	712 524	384 169	68 160	-123 266	1 041 588
Driftskostnader:					
Kjøp av kraft	198 688	14 693	0	-14 693	198 688
Kjøp av overføringstenester	37 440	37 481	0	-19 693	55 228
Løn og sos. kostn.	71 927	118 842	41 885	0	232 654
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	-15 085	-51 156	-63	0	-66 304
Avskrivningar	73 184	63 536	5 997	0	142 718
Nedskrivningar	1 510	0	0	0	1 510
Eigedomsskatt/avgifter	53 014	4 887	254	1 556	59 711
Andre driftskostnader	87 985	129 862	21 949	-90 434	149 362
SUM DRIFTSKOSTNADER	508 663	318 145	70 022	-123 266	773 568
DRIFTSRESULTAT	203 861	66 024	-1 862	0	268 020
Inntekt inv. i tilknytt selskap	-620	0	3 590	0	2 970
Netto finanspostar	-51 512	-5 735	-2 080	0	-59 324
Resultat før skatt	151 729	60 289	-352	0	211 665
Skattekostnad	90 423	10 201	-1 715	0	98 909
Resultat etter skatt	61 305	50 088	1 363	0	112 756

Note 2 Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar			
(Tal i 1000 kr)	30.06.2016	30.06.2015	2015
Sal av kraft , herav urealiserte verdiendringar kraftkontrakter	-35 246	14 883	7 069
Finansinntekter , herav inntekt på investering i tilknytt selskap	-472	1 000	2 970
Finanskostnader , herav urealiserte verdiendringar på rentekontrakter	-182	-2 586	-627

Vurdering av verkeleg verdi:

Nivå 1: Notert pris i ein aktiv marknad for ein identisk egedel eller forplikting.

Nivå 2: Verdsetting etter andre observerbare faktorar enten direkte (pris) eller indirekte (utleda av prisar) enn notert pris for egedelen eller forpliktinga.

Nivå 3: Verdsetting etter faktorar som ikkje er henta frå observerbare marknader (ikkje observerbare føresetnader).

Finansielle kraftkontrakter:

Nivå 1: Verdien av Nasdaq OMX-kontraktene vert henta frå Nasdaq OMX sine eigne lister

Nivå 2: Verdien av bilaterale kraftkontrakter vert berekna på grunnlag av marknadspriskurva hos Nord Pool (systempris) dei næraste åra og deretter på eigne prisestimat basert på input frå ulike aktørar i kraftmarknaden samt avtalte kraftvolum og prisar. Europrisane på kraft vert omrekna til norske kroner. Omrekningskursen/terminkursen for EURNOK vert berekna på grunnlag av EURNOK spotkurs og marknadsrentekurvane for høvesvis norske renter og eurorenter.

Aksjar:

Nivå 3: Investeringar i unoterte aksjar måler vi til kjøpskost, siste emisjonskurs eller vår del av eigenkapitalen i selskapet.

Rentebytteavtaler

Nivå 2: Verkeleg verdi av rentebytteavtaler bereknast ut frå framtidig rentekurve. Verkeleg verdi av finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad vert fastsatt ut frå verdsettingsmetodar. Desse verdsettingsmetodane maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og er minst mogleg bygd på konsernet sine eigne estimat.

Valutaderivat

Nivå 1: SFE sel euro gjennom terminkontrakter. Verdien på terminkontraktene blir berekna på grunnlag av berekna terminkurs for EURNOK, løpetid for kontrakta og avtalt valutabeløp. Terminkursen blir berekna ut frå spotkursen på verdsettingstidspunktet og marknadsrentekurvane for hhv norske renter og eurorenter (dekka renteparitet).

Frikraftforpliktingar

Nivå 3: Verkeleg verdi er fastsatt ut frå ei marknadsmessig vurdering av frikjøp frå slike avtaler. Der er ingen observerbare data tilgjengeleg på denne type transaksjonar og vurderingane er basert på konsernet sine egne estimat. SFE sine frikraftavtaler som vert gjort opp finansielt representerer ein årleg kostnad i storleiksorden på 3,0 MNOK. Sjå også note 17 Avsetningar, Usikre forpliktingar og betinga eigedelar i årsrekneskapen for 2015 for meir informasjon.

Eigedelar	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
Finansielle kraftkontrakter - heldt for sal	576	14 877		15 453
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon				-
Aksjar			62 595	62 595
Rentebytteavtaler - heldt for sal				-
Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring				-
Rentebytteavtaler - verdisikring		16 111		16 111
Valutasikring - kontantstrømsikring		894		894
Sum finansielle eigedelar til verkeleg verdi	576	31 883	62 595	95 053
Forpliktingar	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
Finansielle kraftkontrakter - heldt for sal	22 416	1 999		24 415
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon	36 565			36 565
Frikraftforpliktingar			101 115	101 115
Rentebytteavtaler - heldt for sal		16 734		16 734
Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring		8 552		8 552
Rentebytteavtaler - verdisikring				-
Valutasikring - kontantstrømsikring				-
Sum finansielle forpliktingar til verkeleg verdi	58 981	27 285	101 115	187 381

Note 3 Aktivitet i SFE-papir i første halvår 2016

Nye sertifikat-/obligasjonslån som er utstedt i perioden:

Børsticker (Oslo Børs)	ISIN	Utstedt	Forfall	Pålydende (mill kr)
SFEN41	NO0010759087	11.03.16	11.03.26	425

Innfridde sertifikat-/obligasjonslån i perioden:

Børsticker (ABM)	ISIN	Utstedt	Forfall	Pålydende (mill kr)
SFEN40 PRO	NO0010753155	30.11.15	30.05.16	100

Note 4 Risikoforhold

SFE er utsett for ei mengde ulike risiki gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle og operasjonelle risiki. Døme på operasjonelle risiki er skade på eigedelar som kraftverk og nettanlegg. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på eigedelar, tapt produksjon og skade på liv og eigedom i samband med t.d. brann, flom eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risiki som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikiforholda.

Kraftprisane har over tid svekka seg. I samband med avlegging av denne rapporteringa er det gjort vurderingar der framtidige kontantstraumar pr. kraftstasjon er neddiskontert. Denne vurderinga tilseier at det ikkje er behov for nedskrivning av verdiane knytt til våre kraftstasjonar.

For ytterleggare informasjon om risikiforhold SFE er utsett for viser vi til note 3 i årsrekneskapen for 2015.

Note 5 Pensjonskostnader- og forpliktingar

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) og dotterselskapa har kollektiv pensjonsordning i BKK Pensjonskasse. Pensjonsordninga er ein bruttoordning tilsvarande offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ein bestemt framtidig pensjonsytelse basert på talet på oppteningsår og lønsnivået ved pensjonsalder.

Ved berekning av pensjonsforplikting er det nytta ei diskonteringsrente på 2,5 %. Det er uendra frå 31.12.2015. Oppdatert informasjon om rentemarknaden viser at rentenivået har svekka seg sidan årsskiftet, men ikkje i ei slik grad at det påverkar vår pensjonskostnad- og forplikting vesentleg.

Det er utarbeidd sensitivitetsanalyse som viser konsekvensane for pensjonskostnader og – forpliktingar ved endra diskonteringsrente. Resultatet er presentert i tabellen under. Endringa i kostnad gjeld pensjonskostnad i 2016 medan endring i forplikting gjeld pr. 30.06.2016.

SFE TOTAL	Endring diskonteringsrente	
	1 %	-1 %
Sensitivitetsanalyse (tall i 1000 kr.)		
Endring kostnad	-3 993	5 880
Endring forpliktelse	-66 578	87 296

SFE har lukka bruttordninga og alle nyttilsette etter 01.04.2016 har gått inn i ei innskuddsordning. Alle tilsette som inngår i bruttoordninga må innan 01.10.2016 ta eit val om dei ynskjer å fortsette i dagens bruttoordning eller bytte til innskuddsordning. Rekneskapsmessige effektar av dette er derfor først klart etter 01.10.2016.

For ytterleggare informasjon om pensjonskostnad- og forplikting for SFE viser vi til note 19 i årsrekneskapen for 2015.



SFE

Erklæring frå styret og konsernsjef

Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2016 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Konsernrekneskapen for 1. halvår 2016 for Sogn og Fjordane Energi AS er avlagt i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards).

Etter vår beste overttyding:

- er rekneskapen for 1. halvår 2016 for konsernet utarbeida i samsvar med gjeldande lover og rekneskapsstandardar
- gir opplysningar i rekneskapen ein rettvisande og heilskapleg oversikt over konsernet sine eidedelar, gjeld og finansielle stilling og resultat per 30.06.2016
- gir rekneskapen for 1. halvår 2016 ein rettvisande oversikt over
 - utviklinga, resultatet og stillinga til konsernet
 - dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar konsernet er eksponert for

Sandane 30.08.2016

Per Atle Kjøllesdal

- styreleiar -

Birger Schönberg

- nestleiar -

Anne Marit Steen

Jan Helge Dale

Arvid Lillehaug

Olin Johanne Henden

Oddmund Årdal

Geir Magne Enebø

Kjell Asle Bakkebo

Johannes Rauboti

- konsernsjef -

Til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

UTTALELSE OM FORENKLET REVISORKONTROLL AV DELÅRSREGNSKAP

Vi har utført forenklet revisorkontroll av delårsregnskapet for konsernet Sogn og Fjordane Energi AS. Delårsregnskapet består av konsernbalanse per 30. juni 2016, resultatregnskap, utvidet resultat, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømanalyse for seks månedersperioden 1. januar til 30. juni 2016 og noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for delårsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide delårsregnskapet og for at det gir et rettvise bilde i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et delårsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vi har utført vårt arbeid i samsvar med den internasjonale standarden ISRE 2410 Forenklet revisorkontroll av delårsregnskaper, utført av foretakets valgte revisor, og Den norske Revisorforenings regler om etikk.

En forenklet revisorkontroll av regnskap består i å rette forespørsler til selskapets ledelse og andre som er involvert i utarbeidelsen av delårsregnskapet, gjennomføre analyser og andre kontrollhandlinger.

Forenklet revisorkontroll av regnskap er betydelig mindre omfattende enn en revisjon i henhold til de internasjonale revisjonsstandardene, og vi kan derfor ikke avgi en revisjonsberetning til dette delårsregnskapet.

Etter vår oppfatning har vi i vår forenklete revisorkontroll innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Vi har ikke avdekket forhold som gir oss grunn til å mene at delårsregnskapet ikke gir et rettvise bilde i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU.

Bergen, 30. august 2016
Deloitte AS

Helge-Roald Johnsen
statsautorisert revisor